



Saksframlegg

Søknad om tilskot til ombygging av fjøs til ammekuproduksjon frå næringsfondet

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Dokument i saka:

Søknad til næringsfondet
Kopi av søknad til Innovasjon
Driftsplan frå Nortura med forklaring

Vedlegg

1 Søknad til kommunen.pdf

Bakgrunn for saka:

Knut G. Veum har sendt inn søknad til næringsfondet om tilskot til ombygging av sauefjøs på Veum til drift med ammeku. Søknaden er datert 05.02.25.
Ombygginga er kostnadsrekna til 2 mill. og Knut har fått tilskot frå Innovasjon Norge på 1 mill.
Han søker om kr. 250.000,- frå næringsfondet til ombygginga.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Legge til rette for berekraftige og grøne arbeidsplassar og ta vare på primærnæringane.

Knut Veum har no flytta heim og overtatt drifta på heimgarden. Det er hans far Gunnar som eig garden. Planen er at Knut overtek heimelen 31.12.2025. Han har alt kjøpt inn 10 drektige kviger. Ombygginga av fjøset skal skje til sommaren.

Det er veldig bra at den yngre generasjon vel å reise ut og ta utdanning for i neste omgang kome heim og ta over og drifte gard i kommunen. Dette er solid næring og busetjing. At Knut ynskjer å starte med ammekyr er rett og slett fantastisk bra for Veum og Fyresdal. Vi har eit uttalt mål om å auke tal husdyr i kommunen. Vi har nok av gardar som er drivverdige, der husdyrproduksjonen er lagd ned og gardane berre fungerer som buplass, der jorda vert leigd ut. Det er vel å bra å leige ut jorda si, men ofte kan då beiteareal og litt mindre drivverdig produktiv areal gå ut av drift. På Veum er det godt med innmarksbeiter både på den framtidige garden til Knut og på gardane rundt. At den ressursen som både innmarksbeita og utmarksbeita i nærleiken representerer på ny vert tatt i bruk er både berekraftig og eit godt utgangspunkt for ei god økonomisk drift. Og dette er det vel verdt å støtte opp om frå kommunen si side.

Økonomien i ammekuproduksjonen har vore ein del omtalt i det siste. Det er ingen enkel konklusjon på det. Nokon driv med overskot og andre driv med underskot. Landbruket i Norge

er avhengig av politisk vilje som vi veit. Samstundes ser vi ein aukande forståing for at vi må auke sjølvforsyningsgraden av mat i landet. Matproduksjon handlar også om så mykje meir enn berre mat. Det er beredskap, kulturlandskap, innsatsfaktorar for anna næringsliv og ikkje minst er lokal matproduksjon miljøvenleg og berekraftig i eit klimaperspektiv.

Når det gjeld den enkelte sin økonomi er det viktig å tilpasse drifta innanfor dei ressursar som ein har tilgjengeleg. For Knut sin del vel han i fyrste omgang å satse på mange morder og ha desse på innmarks- og utmarksbeite i nærområdet. Oksekalvar vert i fyrste omgang selt til vidare oppforing. Dette er ein god tilpassing til næringsgrunnlaget, då her er mykje beiter tilgjengeleg. Han vidarefører talledrift og skal nytte lokalt trevirke som strømiddel. Dette er også ein tilpassing som høver godt. Her er snakk om eit fjøs til 25 morder i første omgang, men Knut har planar om vidare auki. Det er litt vanskeleg å fastslå kor mykje denne fyrste utbygginga gjev i årsverk, men om ein legg til grunn omlag 0,3 årsverk er ein ikkje langt unna. For denne ombygginga ligg der ein driftsplan i botnen som er utarbeidd av Nortura. Den viser at det er eit overskot i drifta på kr. 170.000,- i 2027. Det er ingen grunn til at dette ikkje skulle stemme.

Til no har Knut leigd seg ut til Fjøssystemer med innandørsmekanisering. Hausten 2024 etablerte han Veum Skog AS som skal drive med entreprenørverksemd mot skogsnæringa, hovudsakeleg sluttavvirkning. Til denne etableringa fekk han kr. 60.000,- frå næringsfondet i oktober 2024. Slik har landbruket i Vest-Telemark vore i alle år, eit mangesysleri. Ein må ha fleire føtar å stå på.

Å bygge fjøs er ein langsiktig investering. Tilskot til arbeidsplassar i landbruket er viktig for kommunen og får også ringverknader for annan næringsliv i kommunen og ein bør slik sett strekke seg så lang som råd for å oppretthalde / auke sysselsetjinga i primærnæringane i kommunen, og hjelpe dei som tør å satse på denne viktige næringa. Fyresdal kommune har i kommuneplanen sin samfunnsdel sagt at ein skal legge til rette for berekraftige og grøne arbeidsplassar og ta vare på primærnæringane. I tråd med tidlegare løyvingar før 2025 frå næringsfondet ville sakshandsamar tilrådd å løyve 8 % av kostnadsoverslaget dvs. kr. 160.000,- til denne satsinga.

Når det gjeld bruken av næringsfondet så er det politikarane som legg føringane for korleis de vil bruke midlane. Vi i administrasjonen legg til grunn dei retningslinene som vert lagt. I sist formannskapsmøte vart det presisert at vi skal trekke frå på kostnadsoverslaget det som er gjeve frå Innovasjon til investeringa før vi bereknar tilskot frå næringsfondet.

Det vart også gjort nokon gjort vedtak sist som vi no må legge til grunn. For ombygging til lausdrift i mjølkeproduksjonen vart det gjeve eit tilskot på 10% av kostnadsoverslaget etter fråtrekk frå Innovasjon. For bygging av fjøs til ammekyr vart det gjeve eit tilskot på 5,5 % av kostnadsoverslaget etter fråtrekk for tilskot frå Innovasjon. Når det gjeld sysselsetjingsgraden for dei to investeringane representerer mjølkeproduksjonen omlag 2 årsverk, medan fjøset for ammekyr er på litt over ½ årsverk.

Denne saka vi no har på bordet er direkte samanliknbar med den saka med nytt fjøs til ammekyr som var oppe i sist møte. Der vart det søkt om eit fjøs til 40 morder, der vedkommande også hadde fått etablerertilskot frå næringsfondet til anna næring. Hå Knut på Veum er det ein investering på 2 mill fråtrekk 1 mill i tilskot frå Innovasjon. Skal vi då legge oss på den løyvinga som vart gjort sist vil det såleis bli ein tilråding på kr. 55.000,- til dette prosjektet. Det er begrensa midlar i næringsfondet og mange gode formål som politikarane ynskjer å stille opp for. Vi kan vere takksame for at vi har eit næringsfond i kommunen. For tida er det stor vilje til nyetableringar og utvidingar av verksemdar i kommunen. Dette er kjempepositivt, men det gjer det også vanskeleg å vere politikar, ein må prioritere mellom mange gode næringsetableringar.

Men uansett så må ein ikkje gløyme at investering i fjøs og husdyrhald er investering i ei langsiktig og stabil næring.

Konklusjon:

Denne utbygginga sikrar ein deltidsarbeidsplass i landbruket og er slik sett i tråd med retningslinene for næringsfondet. Det er også ei satsing som sikrar at kulturlandskapet i ei heil grend vert halde vedlike. Utbygginga gjev ein ungdom som kjem heim for å overta gard ein framtidig sysselsetjing. I tråd med tidlegare praksis ville sakshandsamar ha tilrådd å løyve kr. 160.000,- til denne investeringa, men etter føringane gjeve i siste formannskapsmøte vert innstillinga frå kommunedirektøren å innvilge kr. 55.000,- til ombygging av fjøs på Veum til ammekuproduksjon.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune løyver kr. 55.000,- i investeringstilskot til Knut G.Veum for ombygging av sauefjøs på Veum, gbnr. 86/1, til ammekuproduksjon.

Løyving frå næringsfondet konto 1410.470, inneståande pr. 24.02.25 før vedtak er 1,117 mill.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Elin Skålid
	rådgjevar landbruk